



## Prosedyre for skuleturar i Høyanger kommune

Det har vore lang tradisjon for å arrangere klasse- /tematurar i Høyanger kommune. Både lærarar, foreldre og elevar ønskjer at desse held fram. Det er nokre viktige prinsipp å ta omsyn til når ein arrangerer slike turar. Opplæringslova §2-15 strekar under at all opplæring skal vere gratis, paragrafen omfattar også skuleturar.

Utdanningsdirektoratet presiserer at opplæringslova ikkje skal vere til hinder for at skulen kan ta imot gåver frå foreldre, elevar eller andre. Til dømes pengar til klassekassa. Krav til gåver er at dei må vere:

- **Frivillige:** Foreldre som gir gåve må gjere det utan å føle press til å gi.
- **Anonyme:** Det skal ikkje vere synleg kven som ikkje gir gåver.

Skulen kan ikkje ta initiativ til aktivitetar som krev eigen- eller foreldrebetaling, fordi det kan bli oppfatta som ei oppfordring til å bidra.

Foreldre kan på eige initiativ kome med framlegg om å bidra til ein tur som krev meir pengar enn det skulen kan bidra med. Skulen har likevel eit ansvar for at foreldreinnsamlinga går føre seg på lovleg måte, der bidraga skal vere frivillig og anonyme. Foreldre kan velje å arrangere dugnader, kakesal, loppemarknader o.l. i staden for å gi gåver til skulen, men må her sikre at deltakinga er frivillig.

**For at ein skal halde seg innanfor gratisprinsippet må desse punkta vere oppfylte:**

- Pengane kan ikkje øyremerkast ein elev, men må kome heile elevgruppa til gode.
- Når elevar og foreldre, eller andre gir pengegåve, må det skje anonymt.
- Ingen skal eller kan pressast til å gi eller bidra.
- Dei / den som gir gåver eller tilskot, kan ikkje komme med krav om motytingar, til dømes i form av reklame for næringslivet.

I dette ligg det også ei føring om at skulane orienterer elevar og lærarar om at det ikkje vert igangsett planlegging av slike turar før ein kan vise til garantiar om at reise vil verte finansiert fullt ut for heile elevgruppa – også for elevar som har foreldre /føresette som reserverer seg mot å gje frivillige bidrag gjennom reell frivillig innsats. Ein må òg presisere at det ikkje må øvast press ovanfor elevar/foreldre/føresette som av ulike grunnar ikkje ser seg i stand til å bidra økonomisk.

Utdanningsdirektoratet presiserer at skulen til vanleg ikkje dekkjer maten til elevane, og derfor heller ikkje treng å dekke maten til elevane på ein skuletur.

## Retningslinjer for skuleturar med fagleg opplegg

1. Skulane må så tidleg som mogleg hausten i 7. klasse kalle inn til foreldre-/informasjonsmøte der skuletur i 10. klasse er tema.
2. Elevane må så tidleg som mogleg i 7. klasse ha ein klassens time der dei diskuterer ein mogleg klassetur i 10. klasse.
3. I løpet av det første foreldremøtet i 8. klasse skal det setjast ned ei prosjektgruppe som skal ha ansvaret for planlegginga av turen.
4. Søknad om skuletur skal inn til oppvekstkontoret i løpet av hausten i 8. klasse, den skal vere underskriven av foreldrerepresentantane i dei respektive klassane.
5. Alle turar i regi av skulen må oppfattast som opplæring og kan ikkje vere frivillig, men dersom elevar av ein eller annan grunn ikkje kan delta, skal det organiserast eit opplæringstilbod på skulen.
6. Dersom skulen ikkje kan dekke alle utgifter til skuleturen, kan elevar og føresette gå saman om finansiering ved frivillige gåver og dugnader. Gåver skal samlast inn på ein slik måte at givarane er anonyme og slik at elevar og føresette ikkje føler seg pressa til å bidra.
7. Innsamla midlar og frivillige gåver må kome alle elevane til gode.
8. Det kan ikkje og må ikkje stillast krav om motytingar for eventuelle gåver.
9. Rektor har det fulle ansvaret for alle prosessar i samband med ekskursjonar og skuleturar.
10. Skulen skal ha eigne reglar for gjennomføring av kortare og lengre ekskursjonar.

### **Vedlegg 1:**

Informasjonsbrev til føresette

### **Vedlegg 2:**

Referat frå oppstartsmøte for turgruppa

## Informasjonsbrev til føresette om tematur i 10.klasse

Til: Foreldre / føresette til elever 8.klasse                      Dato:

Frå: Prosjektgruppa

Sak: Klassetur 10. klasse

Ved arrangert klassetur i 10. trinn. Tur går normalt med Dei kvite bussane til Polen/Tyskland. Det er til denne tematuren kommunen finansierer inntil 4 500,- pr elev. Dette fører til at turen ikkje er fullfinansiert.

Første steg i prosessen med tematur til Polen/Tyskland er at de som foreldre må gi samtykke til at dykkar dotter / son får vere med på tematuren til klassen i 10. klasse. De må også svare på om de kan bli kontakta når det gjeld bidra til dugnad eller anna som krev innsats.

Elevane har diskutert klasse- og tematur i klassens time, og tilbakemeldingane er at dei ønskjer seg ein god tur. Det har vi tru på at vi skal få til saman!

Eg/vi stadfestar at vår son/dotter .....skal vere med på tematur i 10. klasse.

Eg/vi kan vere med å bidra i dugnad eller liknande .....

Stad / Dato : ..... Underskrift: .....

# Referat frå oppstartsmøte for turgruppe 8.klasse

Til stades:

Forfall:

## **Sakliste:**

Sak 1: Velje medlemmer til prosjektgruppa

Sak 2: Målsetting - budsjett

Sak 3: Bli enige om gruppa sitt mandat, ansvar og rolle

Sak 4: Aktivitetsplan

- informasjon til klassen om framdrift
- på kva måte skal det informerast og av kven og kor ofte